

i statsallmenningen. Det var nok ein del dyr, men ver og vindretning gjorde at reinen hamna ute i endefjella og dermed på privat grunn.

I Hilmsvatnet er det i år kome båt. Det var meininga at det og skulle vore båt og naust ved Ljosegrunnsvatnet. Men naustet med båten står framleis på Øyri. Karane som var til fjells fleire helgar for å laga til grunnmur, måtte snu på grunn av uver. Og då det endeleg vart arbeidsver, leid det så langt at det beste var å fly det opp til neste sommar, men grunnmuren er klar.

Det er og ein del nytt i fiskereglane i år. Det er no lov å bruka 10 garn/husstand mot tidlegare 5. Det er og lov for utanbygdsbuande å bruka garn i dei garnvatna som ligg eit stykke frå veggen. Ein skulle og drive prøvafiske i sommar. Fylkesmannen prøvafiska i dei regulerte vatna. Resultata er ikkje komne endå. Brita var leiar for prøvafisket i del andre vatna, men så vart det brann heime hjå ho, og alle notat brann opp. Ein får prøve til neste år att.

Ha ein god vinter og vel møtt til ein ny sommar i Lærdalsfjella.

JV

## Fiske i Lærdal statsallmenning 2007

Det vart kort fiskesesong i Lærdalsfjella i år. Isen gjekk seint og mykje dårleg ver gjorde at serleg fiske med stong og oter vart mykje dårlegare enn i fjor. Mange vatn har det ikkje vore fiska i, og i ein del er fangsten berre på nokre få fiskar. Gjennomsnittvekta er sjølv sagt då usikker. Dei oppgjevne vektene er vel heller ikkje heilt rette. Mange er nok rusa, ikkje vegne, men dei gir likevel god informasjon om storleiken på fisken. Garnfisket i Kvevatnet har vore godt, om enn svært varierende, frå nokre få ei natt til god fangst neste. Auken frå 5 til 10 garn pr. husstand har sjølv sagt gjort sitt. Nokre hovudpunkt i tabellen nedanfor (Tal frå 2006). Fisk totalt: 3034(4107) På garn 2399(2287), Stong/oter 635(1820) Vekt 1387(2199) Gj.snitt 0,457(0,536) Beste fiskevatnet er Kvevatn med 2231 (2001), men snittvekta har gått ned 0,488 (0,607). Kanskje vert det brukt mange 35 mm garn. Skal ein få dei store fiskane må ein opp i 39 mm, ja, helst 45 mm. Hallingskeidsanden er framleis beste "krokvatnet" med 214 fisk (442).



Det dårlege sommarveret må vel ta skulda for at dei gode fiskevatna som ligg eit stykke frå veggen, har vore svært lite nytta.

Det er no komen båt i Hilmsvatn, og til sommaren kjem det og i Ljosegrunnsvatnet.

JV

Namn på vatn	Garn	Stong/oter	Fisk totalt	Vekt i kg	Gj.snitt i kg.
Blandevatn		38	38	8,2	0,216
Buasogtjørn		1	1	0,15	0,150
Bubotnvatn	46	18	64	24,6	0,384
Bubotntjørn		7	7	3	0,429
Einarsvatn		24	24	9,5	0,396
Einarsbotn Store		9	9	2,4	0,267
Einarsbotn Vesle		15	15	5,8	0,387
Eivindtjørn		4	4	0,8	0,200
Elvi frå Kvevatn		10	10	4,9	0,490
Fagervatn Nedre		41	41	16,3	0,398
Fagervatn Øvre		40	40	17,55	0,439
Finnsholsvatn Øvre	2	2	2	0,8	0,400
Fleskevatn Nedre		3	3	1	0,333
Fleskevatn Øvre		13	13	4,4	0,338
Fossane		15	15	7,5	0,500
Grånostjørn		8	8	2,6	0,325
Hallingskeidsandvatn		214	214	102,79	0,480
Himswvatn	56	46	102	45,2	0,441
Kvevatn	2179	52	2231	1088,27	0,488
Langetjørn		15	15	2,1	0,140
Liahovdvatn		1	1	0,6	0,600
Ljosegrunnsvatn Store	19		19	8,5	0,447
Ljosegrunnsvatn Vesle	66		66	35	0,530
Perbakk		26	26	12	0,462
Rikeimskvelvtjørn		1	1	0,2	0,200
Steinevatn	31	13	44	17,24	0,391
Tvillingtjørn		6	6	1,2	0,200
Ågottjørn		15	15	2,8	0,187
<b>Sum</b>	<b>2399</b>	<b>635</b>	<b>3034</b>	<b>1387,2</b>	<b>0,457</b>